

Skulemusikken til Hordablæsten.

17.01.2018



Desse musikarane gler seg til å delta i Hordablæsten. Eit par musikarar var ikkje til stades då bildet vart tatt.

For kort tid sidan mottok Uskedal skulemusikk eit kjekt initiativ frå naboane i Rosendal skulekorps. Dei lurte på om dei to korpsa kunne delta i den store korpskonkurransen Hordablæsten i Grieghallen saman. Både styret, dirigent og ikkje minst musikarane var begeistra for invitasjonen, og i går kveld starta dei førebuingane på musikkstykka som skal spelast i konkurransen.



Anja(f.v.), Linnea og Linnea er inne i sin første sesong i korpset, og gjer alt ein flott jobb på stemmene sine.

I Hordablæsten vert det i tillegg til skulekorps konkurrert i klassar for ensemble, solistar og generasjonskorps. Dessutan vert det også arrangert aspirantseminar for dei yngste. Det er den største musikkorkurransen av sitt slag i Hordaland, og i fjor var det heile 2350 deltakrar. Konkurransen føregår i Bergen si storstove, Grieghallen. Det er NMF Hordaland som står bak arrangementet. I år er det 3 korps frå Bergensområdet som tar seg av den tekniske gjennomføringa.

Konkurransen føregår i år 14. og 15.april, og skulekorpsa konkurrerer på søndagen. Kvinnheradskorpsa reiser til Bergen på laurdagen. Då vert mellom anna deler av dagen brukt til siste finpuss på programmet dei skal spela. Dei skal øva på Hotel Terminus der dei skal bu. Fritida denne dagen kan brukast til å høyra på konkurransane i solist - og ensemblespel som føregår.

I går kveld på øvinga fekk musikarane utdelt dei to første stykka som skal brukast, **Vuggesang** og **Triangel Tarantella**, eit stykke i 6/8 dels takt. Ganske så kjapt hadde musikarane godt tak på deler av stykka, og det kjem garantert til å låta bra i midten av april. Dirigent Tor Skeie Olsen kunne fortelja at dei to korpsa no skal øva kvar for seg framover. Når konkurransen nærmar seg vert det eit par veker med fellesøvingar tirsdag og torsdag. Det vert også eit helgeseminar. Dei skal spela eit program med 13 minutters speletid.

Med dei flinke musikarane som er i skulemusikken no, passar dette opplegget midt i blinken. Dei får vera med på noko nytt som vil utvikla dei ytterlegare. I tillegg vert berre det å spela i Grieghallen ein oppleving for seg. Gjennom fellesøvingane, fellesreisa og å bu saman vil musikarane i dei to korpsa få ein ekstra bonus gjennom det sosiale fellesskapet.

Vi gler oss til å følgja korpsa framover. Det var svært kjekt å oppleva den motiverte, konsentrerte og flinke gjengen på øvinga tirsdag. Det er Linas Dakinevicius som dirigerer Rosendals-korpset, og saman med Tor Skeie Olsen skal han førebu musikarane best mogeleg til konkurransen. Rosendal deltok også i Hordablæsten for eit par år sidan.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland